
Fra: Geir Styve <geir@humorbonden.no>
Sendt: 22. august 2016 15:46
Til: Postmottak Lindås
Kopi: atle@adu.no
Emne: Merknader til klage datert 16.8.2016 frå Elin Styve vedr
reguleringsendring i Helleåsen

Att Christian Reinshol

Viser til klage datert 16.8.2016 frå Elin Styve på reguleringsendring Helleåsen. plan-ID 1263-19032007

Naturlegvis aksepterer eg at det fins rett til å klage i demokratiske prosessar, men samstundes må klagar respektere dei gjeldande tidsfristane. Eg har vektig grunnar i denne saka for at klagaren ikkje skal gjevast nokon form for fristforlenging.

I den aktuelle, innsendte klagen (omtala som "førebels klage") vert det hevda av klagaren at ho har vore hindra i faktainnhenting og tolking av tekst(-endringar)/teikningar på grunn av ferieavvikling.

Eg vil peike på at det tydeleg går fram i det utsende vedtaket at det er gjeve 2 ekstra vekers klagefrist, nettopp av omsyn til ferie.

Elin Styve klaga også ved første gangs utsending av forslag til reguleringsendring. Etter at klagen var sakshandsama av Lindås kommune våren 2016, så gjekk dokumenta vidare til Plan & Miljø-Utvalet for vedtak, og deretter vidare til kommunestyret. Ikkje på noko tidspunkt i denne prosessen er teikningar eller tekst endra. Det har såleis vore rikeleg med tid for klagaren til å fylgje med i saka, skaffe seg meir informasjon, og vurdere teikningar og tekst, særleg når ho allereie er inne i ein prosess med klaging.

Klagen bør difor etter mitt syn handsamast i den stand den føreligg i det klagefristen gjekk ut.

Det er også viktig at sakshandsamar av klagen i sitt arbeid har tilgjengeleg all tidlegare innsendt, relevant dokumentasjon i saka.

Eg vil difor styre merksemd mot sak 15/2558 *). Her er det påvist at klagar (m/fleire) er tiltakshavar på ulovleg bygd tilkomstveg til eigedomane sine.

Klagar sitt argument om å oppretthalde dagens avkjørsle som den er, bør difor etter mitt syn lett kunne overstyrast av reguleringsplanen, - utan vidare tidsbruk og argumentasjon.

Det er grundig informert gjennom heile denne saka at eg er part i ei uoppgjort jordskiftesak, der det er inngått avtale om eit «betinga forlik». Dette inneber at når denne, aktuelle reguleringsendringa er gjort gyldig innan ein viss tidsfrist, så er forliket eit faktum og jordskiftesaka løyst. Difor er det viktig for både meg, saksøklarane og jordskiftedomstolen at prosessen med reguleringsendringa held god framdrift. Vi har allereie måtte be domstolen om å forlenge fristen ein gong, pga lang sakshandsamingstid i kommunen. Domstolen har indikert at det er avgrensa kor langt den har høve til å strekkje seg i tidsaspektet.

22.08.2016

Geir Styve

*) Denne saka (15/2558) er underleg nok nyleg avslutta utan vedtak eller tilbakemelding til oss, noko vi har teke opp med Lindås kommune i samband med eiga sak om sakshandsaming i kommunen)



Virusfri. www.avast.com